

Frå: Larissa Dahl
Send: onsdag 10. august 2022 09:11
Til: Knut Henanger
Kopi: knut@henanger.net
Emne: Svar i sak 22/5468 førehandskonferanse etablering av bueining gbnr 322/109 Mjåtveit

Hei

Viser til forespørsel om førehandskonferanse i sak 22/5468, mottatt 06.07.22, om etablering av bueining i eksisterande bustad på gbnr 322/109.

Vi ser ikkje vits i førehandskonferanse då tiltakshavar må betale kr. 5.500 for å få omtrent same svar som i tidlegare saker i same uregulert bustadfelt på Mjåtveit.

Administrasjonen svarer på spørsmåla i form av e-post.

Saka gjeld tilhøve for etablering av ny bueining i eksisterande bustad, oppføring av garasje, bytte at takmateriell frå takstein til platetak på eigedommen 322/109 på Mjåtveit.

Planstatus

Eigedommen er uregulert og avsett til bustadføremaal i kommunedelplanen for Meland. Planstatus på eigedommar er same som før, sjølv om område er under regulering ny reguleringsplan for Dalstø-Mjåtveitstø er ikkje vedteke.

Tiltaket -etablering av bueining i bustad -krev dispensasjon frå plankrav pkt.1.2.1 i kommunedelplanen for Meland då område er uregulert per dags dato.

Tiltakshavar ønsker å avklare følgjande tilhøve:

Vi ønsker å dela opp eneboligen som ligg på 32/109 i 2 boenheter. Øverste etasje er pussa og det er forberedt for egen boenhet i underetasje. Det er også søkt om garasje på eigedomen. Det er offentlig vatn for boligen og privat avløp. Ein liten soveromsterrasse i hovudetasjen er riven og nokon vinduer vil bli litt større i underetasjen. Det er også ønske å skifte frå takstein til platetak (klikkfabtak).

Me ønskjer å få belyst kvasom må til for å få søkja om oppdeling av boligen.

Kommunen vurderer at oppføring av garasje med bruksareal på under 50 m² med dimensjonar som i samsvar med fritak i SAK §4.1 og avstand i samsvar med PBL §29-4 krev ikkje søknad om tiltak etter PBL §20-4. Skifting av takmateriell krev ingen søknad heller.

Etablering av bueining i bustad er tiltak etter PBL § 20-1 g) krev dispensasjon frå plankravet pkt.1.2.1 i KDP Meland. Tiltaket krev utvida bruk av eksisterande avkøyrsløp, parkering, MUA etc. Tilkopling til eksisterande kommunalt VA-anlegg skal godkjennast av samferdsel-, veg, vatn og avløp. Det ble ikkje gjeve løyve til etablering av ny eigedommen på nabotomt gbnr 322/111 pga. plankrav i området. Det er fordel ved utarbeiding av reguleringsplan, kor er det teke stode til tal bueiningar, VA og veg infrastruktur med detalj dimensjonert for heile område samla og ikkje for små områder i form av dispensasjonar.

mvh

Larissa Dahl | Rådgjevar Plan og byggesak

E-post: byggesak@alver.kommune.no

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med oss på innbyggjarservice. Informasjon om opningstider finn du på www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/treng-du-hjelp/ eller ved å ringe telefon 56 37 50 00.

Innsending av søknadar og anna dokumentasjon i saker skal sendast til post@alver.kommune.no